



**OBS at nokre saker kan vera  
U.off. Det er avmerka øverst til  
høgre på dei sakene det gjeld**

## Kontrollutvalet

Bergen, 26.mars 2010

### Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Onsdag 07.04.2010 kl. 10.30**

**i møterom ved sida av Kommunestyresalen**

#### Plan for møtet:

- Kl. 10.30 – 12.30: Arbeidsmøte vedr. val av revisor. Det blei for lite tid for kontrollutvalet til å setta seg godt nok inn i tilbudsmateriellet på sist møte. I samråd med utvalsleiar er det difor avtalt å setja av to timar til ein slik gjennomgang før handsaming av saka i ordinært kontrollutvalsmøte.
- Kl. 12.30 – 13.00: Matpause
- Kl. 13.00: Start ordinært kontrollutvalsmøte.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, [kari.nygard@post.hfk.no](mailto:kari.nygard@post.hfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, [hogne.haktorson@post.hfk.no](mailto:hogne.haktorson@post.hfk.no) . Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Klepsvik (s)  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet  
Ordførar i Austevoll kommune  
KPMG  
Rådmannen i Austevoll kommune

(har møte- og talerett)  
(har møte- og talerett)

## Sakliste:

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Merknad</b>
09/10	Godkjenning av innkalling og sakliste	
10/10	Godkjenning av protokoll frå møte 11.03.10	Vedlegg
11/10	Val av revisor	
12/10	Årsmelding for kontrollutvalet for 2009	Vedlegg
13/10	Gjennomgang av møteprotokollar	Møteprotokollar kan lastas ned og lesast på Austevoll kommune si heimeside
	Ymse	



**Austevoll kommune**

## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 11.03.10                      **Kl.:** 10.30 – 15.45                      **Stad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:** 01/10 – 08/10

### MØTELEIAR

Arne Kalve Klepsvik (H)

### DESSE MØTTE

Anne-Kristine Bakke (Ap)

Kjell Nøttingnes (KrF)

Tone Solbakken møtte i staden for Hans Reidar Njåstad

Inger Johanne Byberg møtte i staden for Anne Marie Otterå Halstensen

### FORFALL

Hans Reidar Njåstad (SP)

Anne Marie Otterå Halstensen (FrP)

### DESSUTAN MØTTE

KPMG v/Ole Willy Fundingsrud (deltok i møtet til og med sak 07/10).

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

Frå administrasjonen møtte: leiar av OSK Lars Erling Horgen møtte i orienteringssak nr.1 (sak 03/10)

og fung. helse- og sosialsjef Jofrid Troland møtte i orienteringssak nr.2 (sak 03/10).

Møtet starta med eit miniseminar vedr. gjennomgang og drøfting av rapport om ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane” v/Ole Willy Fundingsrud frå KPMG. Kurset varte til 12.20 (inkludert matøkt). Ordinært kontrollutvalsmøte starta kl. 12.30.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
01/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/10	Godkjenning av protokoll frå møte 25.11.09
03/10	Orienteringssaker
04/10	Meldingar
05/10	Rapport etter prosjekt innan selskapskontroll – forvaltning av eigarskap i Austevoll kommune
06/10	Møteplan for kontrollutvalet for 2010
07/10	Gjennomgang av møteprotokollar
08/10	Val av revisor - arbeidsmøte
	Ymse

## 01/10 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

## 02/10 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.11.09.

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 25.11.09.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 25.11.09 vart samrøystes godkjend.

## 03/10 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann	Om løyve til bruk og omdisponering av rorbuer og fritidsbustader til fast bustad – sakshandsaming, rutiner /retningslinjer for saksområdet.
2	Rådmann	Kva skjer etter forvaltningsrevisjonsprosjekt om ”Gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgssektoren”.
3	Sekretariatet	Utkast til årsmelding for kontrollutvalet for 2009.
4	Sekretariatet	Vurdere evaluering av godkjende planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
		Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringssakene til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann	Lars Erling Horgen, leiar av Offentleg Servicekontor (OSK) orienterte om løyve til bruk og omdisponering av rorbuer og fritidsbustader til fast bustad, og om korleis slike saker vert handsam, og kva retningslinjer / lovverk dette kjem inn under. Det blei poengtert at nokre av sakene er vanskelege, særleg om dei aktuelle rorbueene / hyttene ikkje ligg i eit næringsområde. Det er sak inne hos Fylkesmannen til uttale nå om midlertidig dispensasjon. Kontrollutvalet vil gjerne ha ei tilbakemelding når denne uttalen er motteke. Kommunestyret har vedteke at det skal utarbeidast sak vedr. strategi for handsaming av ulovleg bygg. Kontrollutvalet ønskjer å halda seg orientert om dette saksfeltet vidare.

2	Rådmann	<p>Fungerande helse- og sosialsjef Jofrid Troland orienterte om kva som har skjedd etter forvaltningsrevisjonsprosjekt om "Gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgssektoren"</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om prosessen, planlegginga, og løysingar ein har valgt</li> <li>• Byggeprosess har knapp margin for å nå mål om å ta institusjonen i bruk</li> <li>• Det har vore eit omfattande arbeid med å informera brukarar og tilsette som vert omfatta av endringane.</li> <li>• Det er lagt vekt på god informasjon til bebuarar og tilsette.</li> <li>• Ein arbeider no med å finna struktur på leing og organisering.</li> <li>• Det er stor innsats innan tenesta for å få til denne omstillingsprosessen på ein så god måte som mogleg.</li> </ul> <p>Kontrollutvalet ønskjer å koma tilbake og be om ei orientering på eit litt seinare tidspunkt i prosessen.</p>
3	Sekretariatet	Utkast til årsmelding for kontrollutvalet for 2009 blei gjennomgått og drøfta. Årsmeldinga vert sett opp som sak til neste møte.
4	Sekretariatet	Kontrollutvalet vil vurdera til hausten, om godkjende planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal evaluerast.
		Ymse

Etter drøfting av orienteringssaker vart det gjort samrøystes vedtaka i saka.

#### VEDTAK

Orienteringssakene vert teke til orientering. Kontrollutvalet vil be om vidare informasjon vedr. nokre av orienteringssaken på seinare tidspunkt, og til hausten vil ein vurdera å evaluera godkjende planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### 04/10 MELDINGAR

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret
2	Fylkesmannen i Hordaland	Budsjett og økonomiplan for Austevoll kommune
3	Austevoll kommune / sekretariatet	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2010
4	Sekretariatet	Melding om aktuell fagkonferanse for kontrollutvalet 02.-03.06.10
5	Forum for Kontroll og Tilsyn	Medlemsbrev nr. 2/2009
6	Kommunal- og Regionaldepartementet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Brev ds 11.01.10 om avklaring vedr. selskapskontroll</li> <li>- Brev ds 18.01.10 om begrepet selskap k.lov §80</li> <li>- Brev ds 15.02.10 om retten til å vera tilstades i lukka møter for kontrollutvalet</li> <li>- Brev ds 29.01.10 vedr. rapport med 85 tilrådingar for kontroll- og tilsynsarbeid</li> </ul>
		Ymse

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.

#### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret blei referert
2	Fylkesmannen i Hordaland	Brev vedr. budsjett og økonomiplan for Austevoll kommune blei kommentert og teke til orientering

3	Austevoll kommune / sekretariatet	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2010 er redusert med kr. 40.000 i høve til framlegget frå kontrollutvalet. Utvalet ønskjer å sjå på budsjettet som eit rammebudsjett, og tek det fastsette budsjettet for 2010 til orientering.
4	Sekretariatet	Melding om aktuell fagkonferanse for kontrollutvalet 02.-03.06.10 Medlemmane i kontrollutvalet vil vurdere påmelding.
5	Forum for Kontroll og Tilsyn	Medlemsbrev nr. 2/2009 blei kort gjennomgått og kommentert
6	Kommunal- og Regional-departementet	Dei fire breva frå KRD blei og gjennomgått, og kontrollutvalet merka seg innhaldet.
		Ymse

Etter drøftinga av meldingane vart det gjort samrøystes vedtak.

## VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.

## 05/10 RAPPORT ETTER PROSJEKT INNAN SELSKAPSKONTROLL – FORVALTNING AV EIGARSKAP I AUSTEVOLL KOMMUNE

### FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Kommunestyret vil at det skal gjennomførast ei vurdering av om dagens rutinar og system for eigarskapskontroll er tilstrekkeleg i høve til m.a.:

- Det risikonivå som kommunen ynskjer i høve til internkontroll når det gjeld forvaltning av eigarskap.
- Tilrådingar og ”best practice” for kommunal eigarskapskontroll.

2. Det skal også etablerast rutinar for ivaretaking av eigarskap dersom kommunen går inn i eller etablerer selskap ut i frå markedsmessige eller bedriftsøkonomiske omsyn.

### HANDSAMING I MØTET

Ole Willy Fundingsrud orienterte om arbeidet med prosjekt vedr. forvaltning av eigarskap. Tilrådinga i rapporten går på at kommunen bør vurdere om risiko er tilstrekkelig ivareteke når det gjeld dette området. Det blei og stilt spørsmål om det kan vera aktuelt å få utarbeida oversikt over eigedommar som kommunen eig. Kontrollutvalet meiner det er viktig å få utarbeida ei eigarskapsmelding for kommunen, og at prosessen med dette bør vera forankra både politisk og administrativt.

Eigarskapsmeldinga må innehalda oversyn over eigarskapa til kommunen, motiv for eigarskap og eigardelar, opplæring av kommunale representantar i selskap, samt korleis ein skal gjennomføra ei jevnleg oppdatering av eigarskapsmeldinga. Kontrollutvalet meiner det er viktig å bygga på dei tilrådingar som vert gjeve av KS-Eigarforum.

Kontrollutvalet gjorde samrøystes innstilling til kommunestyret i saka.

### INNSTILLING

1. Kommunestyret vil at det skal utarbeidast ei eigarskapsmelding for Austevoll kommune.

Eigarskapsmeldinga skal gje eit oversyn i høve til m.a.:

- Eigarskapa til kommunen med motiv for eigarskap i dei selskap ein har eigardelar i.
- Det risikonivå som kommunen ynskjer i høve til internkontroll når det gjeld forvaltning av eigarskap.
- Tilrådingar og ”best practice” for kommunal eigarskapskontroll.
- Rutiner for opplæring av kommunale representantar i selskap.
- Korleis eigarskapsmeldinga skal oppdaterast og rullerast jevnleg.

2. Det skal også etablerast rutinar for ivaretaking av eigarskap dersom kommunen går inn i eller etablerer selskap ut i frå markedsmessige eller bedriftsøkonomiske omsyn.

## 06/10 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET FOR 2010

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2010:

Dato:	Merknad:
11.03.2010	Under avvikling
07.04.2010	
06.05.2010	
28.09.2010	
18.11.2010	

### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta forslag til møteplan for 2010 og gjorde slikt samrøystes vedtak.

### VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2010:

Dato:	Merknad:
11.03.2010	Under avvikling
07.04.2010	
06.05.2010	
28.09.2010	
18.11.2010	

## 07/10 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Aktuelle møteprotokollar og innkallingar blei gjennomgått og kommentert.

Kontrollutvalet hadde følgjande merknader:

- Kontrollutvalet vil ha framlagt rekneskapsrapportar som høver med dei møta som er i utvalet. Det er ønskje om å få til rutine om å få tilsendt rapportar som går til kommunestyret.
- Kontrollutvalet har og merka seg sak om at Austevoll kommune legg opp til å kjøpa skatteoppkrevjartenesta frå annan kommune. Ein vil be om nærmare orientering om dette i samband med sak om årsrapportering frå skatteoppkrevjar / Skatt Vest.

Sekretariatet syter for oppfølging av desse merknadane.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## 08/10 VAL AV REVISOR - ARBEIDSMØTE

### FORSLAG TIL VEDTAK

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.

### HANDSAMING I MØTET

Sekretariatet orienterte om innkomne tilbod og presenterte si evaluering av tilboda. Sak om val av revisor vil bli lagt fram på neste møte.

**VEDTAK**

Forlag til innstilling på val av ny revisor vert lagt fram til neste møte i kontrollutvalet.

**YMSE**

Det var ingen saker under ymse.

Arne Kalve Klepsvik  
Leiar

Kari Nygard  
Sekretær



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet  
**Sakshandsamar:** Nygard, Kari  
**Dato:** 07.april 2010  
**Kopi til:**  
**Sak:** 11/10

### 11/10 VAL AV REVISOR

#### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret fatta slik vedtak 15.12.2008, i pkt 2 i sak 0130/08:

*”Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2010. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:*

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.*
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.*
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.”*

Kontrollutvalet følgde opp kommunestyret sitt vedtak i sitt møte 14.mai 2009, og vedtok fylgjande i sak 18/09, Konkurranseutsetting av revisjonstenester for ny avtaleperiode:

- 1. Austevoll kommune ønskjer å samordna arbeid relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester, med fleire kommunar som sekretariatet også dekkar.*
- 2. Kontrollutvalet vil be sekretariatet om å bistå seg i prosessen.*
- 3. Bistand, jmf. pkt. 2, omfattar utarbeiding av utkast til kravspesifikasjon, utkast til konkurransegrunnlag, kunngjering, protokollføring, evaluering av innkomne tilbod, varsel om tildeling, utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøte, samt aktuelle møte i kontrollutvalet og kommunestyret. Arbeid knytt til evt. klage, vert å avtala særskilt.*

I møte i kontrollutvalet 25.11.09 i sak 43/09 presenterte sekretariatet forslag til konkurransegrunnlag for utvalet som då gjorde slikt vedtak:

- 1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.*
- 2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.*

Konkurransegrunnlaget vart lyst ut som open anbodskonkurranse 30.11.2009 på [www.doffin.no](http://www.doffin.no), og nokre dagar seinare vart det kunngjort innan heile EØS-området. Svarfristen vart sett til 15.01.2010 kl. 12.00. Når det vert brukt open anbodskonkurranse er det ikkje høve til å forhandle med tilbydarane.

I konkurransegrunnlaget gjekk det fram at tilbodet m.a. skal innehalde tilbod om levering av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i perioden 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Vidare går det fram av konkurransegrunnlaget at det vert lagt til grunn at særskilte kvalifikasjonskriterium må vera oppfylte for at tilbydar skal verta vurdert som eigna.

Konkurransegrunnlaget legg også til grunn at tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, der ein tek omsyn til følgjande kriteria:

- 40 % Pris (fastpris og timeprisar)
- 30 % Løysing og forståing av oppdraget
- 20 % Kompetanse og erfaring
- 10 % Leveringsevne

#### Drøfting:

Ved utløpet av fristen var det kome inn tilbod frå 2 tilbydarar. Begge tilbydarane er kvalifiserte og evaluering av tilboda starta umiddelbart. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. På bakgrunn av sekretariatet si evaluering vart det gjennomført eit arbeidsmøtet med kontrollutvalet 11.03.10. I dette arbeidsmøtet presenterte sekretariatet forslag til evaluering av dei innkomne tilboda. Kontrollutvalet meinte det blei for lite tid til å setta seg godt nok inn i tilbodsmateriellet, og ønskte difor ein ny gjennomgang. Slik gjennomgang vert gjort før kontrollutvalsmøte 07.04.10.

Sekretariatet har førebudd sak til kontrollutvalet der utvalet skal innstilla på val av revisor for Austevoll kommune frå 01.07.2010 overfor kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera det endelige vedtaket. Sekretariatet vil i møte 07.04.10 presentere munnleg forslag til kven kommunen bør velja som revisor. Det vil også verta presentert ei grunngjeving i høve dei 4 tildelingskriteria som ligg til grunn i konkurransegrunnlaget.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i dette saksframlegget, og ut frå det som vert presentert i møtet, vert kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Austevoll kommune frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

#### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

**Kommunestyret vel ..... som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Austevoll kommune til å forlengje avtalen med 2 år.**

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Nygard  
rådgjevar



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 07.april 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 12/10

### 12/10 ÅRSMELDING 2009 FOR KONTROLLUTVALET

#### Bakgrunn for saka:

*Sekretariatet har utarbeidd forslag til utvalet si årsmelding for 2009. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.*

*Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultat av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.*

#### Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

#### **FORSLAG TIL INNSTILLING:**

**Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2009**

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar

#### Vedlegg:

- Framlegg til årsmelding for kontrollutvalet for 2009



## ÅRSMELDING 2009 FOR KONTROLLUTVALET I AUSTEVOLL KOMMUNE

### 1. *Kontrollutvalet sine oppgaver*

Kontrollutvalet sine oppgaver kjem fram i ”Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner”. Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. KPMG er revisor for Austevoll kommune.

Kontrollutvalet sine oppgaver omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, m.a. rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre oppgaver. Utvalet skal vera kommunestyret sitt kontrollorgan, og kommunestyret kan pålegga kontrollutvalet saker. Kontrollutvalet vel elles sjølv saker dei vil handsame, og skal melde tilbake til kommunestyret om sin aktivitet. Årsmeldinga frå kontrollutvalet til kommunestyret er ein av måtane å rapportere på.

Kontrollutvalet kjøper sekretariatstenester frå Hordaland fylkeskommune. Sekretariatet skal til ei kvar tid yta kontrollutvalet dei tenestene som utvalet har trong for. Sekretariatet skal etter forskrifta m.a. sjå til at dei sakene som vert handsama i kontrollutvalet, er forsvarlig utgreidde. Sekretariatet gjev innstilling i saker til kontrollutvalet. Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er sekretariat for kontrollutvalet i Austevoll kommune.

### 2. *Kontrollutvalet i Austevoll kommune for valperioden 2007 - 2011*

Kontrollutvalet i Austevoll kommune har slik samansetjing:

<u>Medlemmer:</u>	<u>Vara (personlege):</u>
Arne Kalve Klepsvik (H) – leiar	1. Oddvar Stangeland 2. Grethe Ringdal 3. Nils Olav Troland
Hans Reidar Njåstad (Sp)– nestleiar	1. Mai-Brit Harangen 2. Tone Solbakken
Anne Marie Otterå Halstensen (Frp) – medlem	1. Per Henning Gjuvsland 2. Inger Johanne Byberg 3. Jan Ove Persen
Anne-Kristine Bakke (Ap) – medlem	1. Anders Økland 2. Sverre Vik 3. Wenche Storebø
Kjell Nøttingnes (Krf) – medlem	1. Olav P. Årland 2. Bjarte Notnæs 3. Daniel Stenevik

I følge lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Arne Kalve Klepsvik er kommunestyremedlem.

### 3. *Fakta om verksemda i 2009*

- Utvalet har hatt 6 møter i 2009, og handsama 43 saker.
- Møta vart haldne for lukka dører.
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet og mottek alle innkallingar og sakspapir.
- Administrasjonen ved rådmann får og innkalling og sakspapir til orientering.
- Arbeidet i kontrollutvalet bygger på:
  - saksframlegg med framlegg til vedtak frå sekretariatet
  - skriftleg og munnleg informasjon frå sekretariatet og revisjonen
  - rekneskapsrevisjon gjennomført av KPMG
  - plan for forvaltningsrevisjon utarbeidd av KPMG
  - plan for selskapskontroll utarbeidd av KPMG
  - forvaltningsrevisjon gjennomført av KPMG
  - orienteringar frå administrasjonen
  - kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum

Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

### 4. *Aktivitetar i 2009*

Av dei viktigaste sakene kan nemnast:

- Årsmelding og rekneskap for Austevoll kommune for 2008.
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2008
- Prosjekt innan forvaltningsrevisjon:
  - Budsjetstyring i helse- og sosialetaten
  - Gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgssektoren
- Prosjekt innan selskapskontroll:
  - Forvaltning av eigarskap i Austevoll kommune
- Handsaming av kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen.
- Konkurransetsetting av revisjon for ny avtaleperiode.
- Budsjetframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.
- Gjennomføring av kurs i forvaltningsrevisjon og ny offentleglov v/KPMG.
- Utvalet har og hatt føre referat, meldingar og orienteringssaker, mellom anna vedr.
  - Rekneskapsrapportar
  - Oppfølging av arbeid med rutinar ved økonomikontoret.
  - Stray-rapporten
  - Tilsynsrapportar får Fylkesmannen
- Teikning av medlemskap i "Forum for kontroll og tilsyn"

### 5. *Særskilt om:*

#### 5.1 *Den økonomiske situasjonen i Austevoll kommune*

Kontrollutvalet sin uttale om Austevoll kommune sin årsrekneskap for 2008, hadde bl.a med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viste kr. 199.118.919,- til fordeling drift
- det var eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8.968.598,-
- netto driftsresultat var positivt med kr. 9.954.692,-

Kontrollutvalet merka seg noko av det rådmannen skriv i si årsmelding:

*"For tredje år på rad sidan 1998 syner Austevoll kommune sitt rekneskap overskot. At resultatet av sjølve drifta gav eit såpass stort overskot har samanheng med auka skatteinntekter i forhold til budsjettet med nesten 41,8 mill. kroner. Dette resulterte i at påreknna rammetilskot vart redusert med nesten 30,5 mill. kroner. Nettoen på dei frie inntektene i forhold til budsjettet vart dermed på 11,3 mill. kroner. Når overskotet likevel ikkje*

*vart høgare har det samanheng med den store auken i driftsutgiftene. Ein del av dette kan tilskrivast lønsoppgeret som vart dyrare enn rekna med, men langt frå alt. Overskotet skriv seg såleis frå at kommunen innførte eigedomsskatt frå og med 2008.”*

*Vidare merka utvalet seg følgjande uttale frå revisjonen:*

Vi meiner at kommunen også i 2008 har hatt svake interne kontrollrutinar i økonomiavdelinga, særleg knytt til dokumentasjon av rekneskapspostar og sentrale rutinar. Enkelte ansvarsområde har nytta meir midlar i si tenesteyting i 2008 enn regulert budsjett tillet. Desse tilhøva er teke opp i brev til kommunen.

Vi meiner at

- *Årsrekneskapen, med unntak av forholda nemnd ovanfor, er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for kommunen si økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapskikk i Noreg*
- *dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, med unntak av forholda nemnd ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett*
- *leiinga, med unntak av forholda nemnd ovanfor, har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov om god kommunal rekneskapskikk i Noreg*
- *opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.*

Utan at det har verknad for konklusjonen i avsnittet ovanfor vil vi presisera at rekneskapen er avlagt etter lovens frist.”

Kontrollutvalet konkluderte i sin uttale til rekneskapen for 2008 at ein skulle be om at det vart lagt fram ein oppfølgingsplan for korleis manglar som er omtala i revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten kan verta retta opp. Kontrollutvalet fekk, i september-møtet, orientering frå administrasjonen og den nye økonomisjef, om arbeidet med å vidareutvikla og forbetra eksisterande rutinar for økonomiområdet. Kontrollutvalet vil følgja opp dette ved å be om vidare orientering vedr. kva som vert gjort innanfor området.

## **5.2 Skatteoppkrevjarfunksjonen**

Kontrollutvalet har hatt oppe til drøfting årsrapport frå skatteoppkrevar og Skatteetaten og har merka seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Austevoll kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredstillande måte. I rapporten er det gjort tilleggsmerknad om at det er lågare måloppnåing enn målkravet når det gjeld kontroll av kommunen sine leverandørar av lønns- og trekkoppgåver. Kontrollutvalet har teke Austevoll kommune sitt skatterekneskap og rapporten frå Skatteetaten til orientering, og sendt det til kommunestyret til orientering.

## **5.3 Revisor**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar og anna informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført.

Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. KPMG er revisor for Austevoll kommune.

Sidan noverande revisjonsoppdrag gjeld fram til og med 30.06.2010, vart det i 2009 starta prosess med å få på plass revisjonsavtale for ny periode. Kommunestyret gav fullmakt til kontrollutvalet med å gjennomføra konkurranseutsetting av revisjonstenester, og kontrollutvalet valde sekretariat for kontrollutvalet til å utføra arbeidet på sine vegne. Frist for å gje inn anbod var sett til 15.01.10, og prosess med å velja revisor for kommunen for dei neste åra vil bli gjennomført i første halvdel av 2010.

#### **5.4 Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Kontrollutvalet har gjennomført to forvaltningsrevisjonar i 2009, begge innanfor området helse- og sosiale tenester. Prosjekt om ”Ressursbruk innan helse- og sosialetaten” vart starta opp i mars 2009, og rapport etter arbeidet låg føre i mai 2009. Kontrollutvalet gjorde innstilling til kommunestyret, som gjorde slikt vedtak i møte 25.06.09.:

- *”Kommunestyret ser svært alvorleg på dei vurderingar og konklusjonar som er gjort i kapittel 5 i rapporten.*
- *Ut frå dette ber kommunestyret rådmannen syta for at:*
  - *Budsjettrutinane innanfor helse- og sosialetaten vert kommunisert på ein klar og tydeleg måte, og samkjørt når det gjeld praktisering og oppfølging.*
  - *Rapportering skjer til rett tid, og at avvik i budsjettet vert kjent i tide, slik at det kan leggast til rette for betre budsjettstyring.*
  - *Det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring og kunnskap om budsjettarbeid og budsjettstyring.*
- *Det skal gjevast tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.09 om kva tiltak som vert sett i verk.”*

Det var og semje i kontrollutvalet om å setje i gong prosjekt for å sjå på ”Internkontroll – fullmakter og delegasjonar i Austevoll kommune”, men dette prosjektet vart utsett.

I staden vart det starta eit prosjekt som kommunestyret tok initiativ til: *”Gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgssektoren.”*

Dette prosjektet skulle setja fokus på om Austevoll kommune har rett nivå på sine tenester når det gjeld helse- og sosialsektoren, og samanlikna med tilsvarende kommunar når det gjeld standard opp mot innhald og nivå.

Føremålet med prosjektet vart delt i to:

- Den første delen skulle analysa tenestenivå, ressursbruk og budsjettrealismen innan pleie- og omsorgstenestene i forhold til lovfesta krav til tenesteyting.
- Del to av prosjektet hadde som føremål å vurdere konsekvensar og innsparingspotensiale som ligg i ei eventuell samling av sjukeheimsdrifta / heildøgntilbod innan eldreomsorga på Storebø.

Det vart gjort slikt vedtak då rapport etter arbeidet vart lagt fram for kontrollutvalet og vidare til kommunestyret:

- *Kommunestyret har merka seg dei konklusjonar som kjem fram i rapport etter KPMG sin gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgstenestene, og vurdering av konsekvensar av samanslåing av to sjukeheimar i Austevoll kommune. Ein har og merka seg rådmannen sin uttale til rapporten.*

- *Kommunestyret vil gjera seg bruk av rapporten i sitt vidare arbeid med å vurderer økonomi, driftsnivå og tenestetilbod innan pleie- og omsorgssektoren.*
- *Kommunestyret ber rådmannen om å leggja fram sak med forslag til:*
  - *Korleis Austevoll kommune kan oppnå ein meir effektiv ressursbruk innan pleie- og omsorgssektoren*
  - *Korleis kommunen skal få eit realistisk budsjett for tenesteområdet*
  - *Korleis tenestestrukturen innan pleie- og omsorg skal utviklast vidare framover.*

Alt i budsjettarbeidet for 2010 vart rapporten nytta for å setja i verk tiltak i tråd med vurderingar og tilrådingane som blei fremja. Det er m.a. vedteke utbygging / ombygging av Storebø PO-senter, og at institusjonstenesta skal samlast på ein stad på sikt. Kontrollutvalet fekk på sitt første møte i 2010 ein fyldig og god informasjon om prosessen med gjennomføring av vedtaka, og dei utfordringane dette medfører for heile pleie- og omsorgssektoren.

Dette vil bli ei viktig sak for kontrollutvalet å følgja utviklinga i, vidare utover.

### **5.5 *Arbeid med selskapskontroll.***

Kontrollutvalet starta og prosjekt innan selskapskontroll i 2009. Prosjektet skulle sjå på: *”I kva grad er eigarforvaltninga i Austevoll kommune tilstrekkeleg for å sikre forsvarleg forvaltning av eigarskapa?”*

- *I kva grad har kommunen tilstrekkeleg oversyn og kontroll med eigarskapa?*
- *I kva grad er forvaltninga av eigarskapa forsvarleg?*
- *I kva grad har eigarrepresentantar tilstrekkeleg kompetanse?”*

Ein førebels rapport vart lagt fram av KPMG i november 2009. Kontrollutvalet ønskte å få ei annleis vinkling på dei vurderingar som framkjem i rapporten. Ein ville at ein del av Kommunenes Sentralforbund – KS Eigarforum sine retningslinjene også skulle leggest til grunn for det vidare arbeidet.

Ny rapport etter dette arbeidet vert lagt fram i første halvdel av 2010.

### **5.6 *Oppfølging av saker***

Ein viktig del av kontrollutvalet sitt arbeid er å sjå til at det vert føreteke oppfølging av saker innafør områder der det er påpeika potensiale for forbetringar. I 2009 har kontrollutvalet etterspurd kva som vert gjort av oppfølgingsarbeid innan:

- *Arbeid med administrative rutinar for økonomisektoren. Den nye økonomisjefen, som tok til i stillingen 03.08.09, orienterte til kontrollutvalet om kva som vert gjort innanfor området, og opplyste at det er ei målsetjing å få utarbeida økonomihandbok for økonomisektoren, men at dette må utførast litt på sikt. Kontrollutvalet vil følgja dette opp vidare.*

Kontrollutvalet vil også syta for at vedtaka som er gjort etter forvaltningsrevisjonsprosjekta innan helde- og sosialsektoren, vert følgd opp. Dette vil vera ei viktig sak for kontrollutvalet i 2010.

### **5.7 *Budsjettet for kontroll- og tilsynsarbeidet***

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vart endra 01.07.2004, bl.a. ved at kontrollutvalet frå då av fekk ansvaret for å utarbeida budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Budsjettframlegget skal innehalda alle kostnader til revisjon i kommunen, kostnader til sjølve kontrollutvalet og kostnader til sekretariat for kontrollutvalet. Budsjettframlegget skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret. Kontrollutvalet

har utarbeida budsjettframlegg for budsjettåret 2010, basert på aktiviteten i tidlegare år. Kommunestyret føretok reduksjonar i høve til framlegget frå kontrollutvalet med om lag kr 40.000,-.

### **5.8 Sekretariatsordninga**

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har frå 01.01.2008 utført sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Austevoll. Rådgjevar Kari Nygard har vore sekretær på møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Austevoll, Kvinnherad, Stord, Bømlo, Tysnes, Fitjar, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund og Samnanger. Sekretariatet utfører og sekretær oppgåver for Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), som er eit landsdekkande interesseorgan for kontrollutvala og deira sekretariat.

Storebø 07.april 2010

Arne Kalve Klepsvik  
leiar i kontrollutvalet



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 07.april 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 13/10

### 13/10 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

#### Bakgrunn for saka:

I denne saka vert møteprotokollar frå politiske organ lagt fram for kontrollutvalet. Dette er ein fast post på kontrollutvalet sine møter. Møteprotokollane kan lastas ned frå Austevoll kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse.

Det er gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Arne Kalve Klepsvik
Formannskapet / Planutvalet	Anne-Kristine Bakke
Tenesteutvalet	Hans Reidar Njåstad

Det vil være aktuelt å referere frå desse møteprotokollane:

- Kommunestyret: 23.03.10
- Formannskapet / Planutvalet: 12.03.10
- Tenesteutvalet: har ikkje hatt møte etter 03.03.10.

#### [FORSLAG TIL VEDTAK](#)

[Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.](#)

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar